

GRANVIN TURLAG

5736 GRANVIN

Dato: 31.03.2017
Vår ref.: 2017/736-35
Saksbehandlar: eirkniv
Dykkar ref.:

Tilskot til Turskiltprosjektet 2017 – Merking av fjelløyper i Granvin - Underretning om tildeling

Føremålet med Turskiltprosjektet er å bidra til auka og trygg friluftsfærdslse der folk bur og oppheld seg, gjennom ein nasjonal standard for informasjon, skilting og merking av turløyper.

Prosjekt: Merking av fjelløyper i Granvin
Prosjekteigar: Granvin Turlag
Kommune: Granvin

Handsaming av søknaden:

Den 28. mars 2017 fordelte ei tildelingsgruppe med representantar frå Bergen og Hordaland turlag, Bergen og Omland friluftsråd, Askøy kommune, Gjensidigestiftelsen og Hordaland fylkeskommune kr. 1.288.000 etter gjeldande nasjonale retningslinjer.

Tildelinga vart vurdert i samanheng med statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar innan fysisk aktivitet og friluftsliv.

Vedtak:

De er tildelt 132 000 kr for Merking av fjelløyper i Granvin

Vilkår:

Prosjektet må gjennomførast i samsvar med søknaden. Ei større endring må sendast fylkeskommunen for godkjenning. Dersom planane vert endra utan godkjenning, eller prosjektet ikkje vert slutført innan normert tid kan eventuelle utbetalte midlar krevjast tilbakebetalt.

Minner om følgjande vilkår for tildeling:

- Nasjonal standard for merking og gradering skal nyttast. Denne kan lastast ned frå www.merkehandboka.no eller «Manual – Turskiltprosjektet», www.turskiltprosjektet.no
- Minst ein ansvarleg gjennomfører eit «skilt- og merkekurs» i regi av det nasjonale prosjektet (med mindre tilsvarande kompetanse kan dokumenterast).
- Det må liggja eit lokalt samarbeid til grunn for prosjektet.
- Plan for drift og vedlikehald i minimum ein 10-års periode frå det tidspunkt tiltaket er ferdigstilt.
- Marknadsføringsplan (turkort, publisering, kart, nettstader, media, anna infomateriell).
- Plan for auka bruk (arrangement ved opning, turkort, anna tilrettelegging langs turløypa osv).
- Alle prosjekta må ha skriftleg grunneigaravtalar, og dei skal følgja sluttrapporteringa.

Midlane skal nyttast til:

- Infrastruktur (skilt og informasjonstavler)

- Innholdsproduksjon
- Turkort

Vilkår elles:

- Det skal rapporterast undervegs når det vert bede om og tilretteleggje for synfaring ved behov.
- Prosjektet pliktar å bidra til å evaluere turskiltprosjektet "det skal merkast i heile landet».
- Gjensidigestiftelsen og fylkeskommunen skal opplysast som finansieringskjelder når det blir informert om prosjektet til media, samarbeidspartnarar eller andre. Ved trykt presentasjon av prosjektet (brosjyrar, nettsider, skilt, infotavler mv.) skal logoane til Hordaland fylkeskommune og Gjensidigestiftelsen vera med.

Utbetaling

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura i EHF – format til Hordaland fylkeskommune

- Elektronisk fakturaadresse: **9908:938626367**
- Aksesspunkt: Visma

75 % av tilsagnsbeløpet kan bli utbetalt etter 1. mai. Då får Hordaland fylkeskommune overført tildelte midlar frå Gjensidigestiftelsen.

Saksnummer: 2017/736 - 34

Ressursnummer: 12564

Beløp: kr 132 000

Siste 25 % av tilsagnsbeløpet vert utbetalt på bakgrunn av sluttrapport og rekneskap revidert av eigen revisor. For prosjekt som får tilsagn på over kr 100.000, skal det leggst fram revisorgodkjent rekneskap i samband med sluttutbetalinga. Minner om at verdien av dugnadsarbeid er sett til kr 300 pr. time.

Turskiltkurs:

For å kunne motta midlar er søkjar forplikta til å stille med ein person på kurs, med mindre vedkommande kan dokumentere tilsvarande kompetanse.

Det blir turskiltkurs i Bømlø torsdag **11. mai** og i Kvam **12. mai kl.17.00 - 21.00.**

Påmelding til turskiltkurs gjerast til Eirik Knive eirik.knive@hfk.no seinast innan **5. mai.**

Rapportering:

Det skal statusrapporterast på skjema i elektronisk søknadssenter til Miljødirektoratet innan 20.12. 2017 uavhengig av kor langt i arbeidet ein har kome. Sluttrapport skal leverast innan 30.11.2018. Om ikkje sluttrapport føreligg innan fristen kan midlane bli inndregne.

Klagetilgang og dokumentinnsyn

I medhald av forvaltningslova § 28 har part eller andre med rettsleg klageinteresse rett til å klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klaga skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klaga må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Som part har de rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som går fram av forvaltningslova § 18 og 19. Vi ønskjer lukke til med gjennomføringa av prosjektet. Dersom de har spørsmål til saka ta kontakt med Eirik Knive, tlf: 55 23 91 66 og e-post eirik.knive@hfk.no.

Med venleg helsing

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør, kultur, idrett

Britt Karen Spjeld
fylkesidrettssjef

Sakshandsamar: Eirik Knive, rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.